Nr. 5 juni 2008 - Årg. 23



# Bygdabladet for BOKN





Månadens MMS-bilde
Les meir s. 2



Flott nasjonaldagfeiring.
Les meir s. 3




God utvikling
Les meir s. 4

www.bygdabladet.no

# Bygdabladet for BOKN

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Journalist** Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar.alvestad@bokn.kommune.no

**Medarbeidar** Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda.ognoy@bokn.kommune.no

**BYGDABLADNEMND**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål


**GJELDANDE ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 625,- |
| Halvside | kr. 375,- |
| Kvartside | kr. 188,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 62,- |
| Fastann./fargeann. | etter avtale |



**Bokn bibliotek er sommarstengt og opnar att måndag 18. august.**

**God sommar!**



Stort forsidebilde:

"Junikveld"

Foto: Marie Vågshaug

## Kjære lesar!

**Siste 16-siders blad**
Når dette blir lese har kommunestyret forhåpentlegvis sagt ja til å styrka bladet sitt trykkebudsjett, slik at det frå hausten av blir tilfredsstillande sideantal på utgåvene.

**Månadens MMS-bilde**
Alle lesarar med tilgang til internett veit at nettutgåva inviterer barn og vaksne til å bidra med MMS-bilder til eit elektronisk fotoalbum. Over 100 mobiltelefon-knipsa bilder er til nå alfabetiserte inn i el.-boka, og bilder frå telefonar rundt omkring melder seg med jevne mellomrom til underteikna sin mobiltelefon.

Kvar veke trekker me ut vekas MMS-bilde, som blir plassert i høgremenyen på websida. Det blir også trekt ut Månadens MMS-bilde, som berre blir kunngjort her i papirutgåva.
Denne gong blir det for april og mai, sidan me starta opp med dette i april.

Ordføraren har trekt ut blant bygdabladnemnda sine nominerte, som var *Solfylt* (Hanne Nilssen), *11 små* (Margunn Taraldlien) og *Kveldssol* (Arild Ognøy).

Vinnaren er **Arild Ognøy**, som får eit kommunekrus. Gratulerer! Bildet ser du på framsida og i albumet i nettutgåva.

***- redaktøren -***



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Kommuneproposisjonen**
Den 15.05.08 la kommunaldepartementet fram kommuneproposisjonen med forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Regjeringa har i sitt forslag lagt opp til at Bokn får behalda sitt regionaltilskot. Dette var svært gledeleg, og viktig, for vår kommune. Proposisjonen skal handsamast av Stortinget den 15. juni, og eg har god tru på at det nye inntektssystemet vil bli vedteke her.

Folketalsutviklinga for Bokn har i 2006 og 2007 vore svært god, og dette håpar eg også skal slå positivt ut i høve til regjeringa sitt forslag om eit såkalla *vekstkommunetilskot*.
I dag veit me ikkje sikkert korleis dette eventuelt kan slå ut for Bokn, men ut i frå dei prinsippa regjeringa legg til grunn for det nye tilskotet, er det grunn til å tru at Bokn kan få ein positiv, økonomisk effekt ut av folketalsauken i kommunen.

**Ambulansen**
I samband med trafikkulukka i Knarholmkrysset den 21.05.08, blei det gjennom media retta kritikk mot Helse Fonna då amk-sentralen lot vera å kalla ut Bokn-ambulansen til oppdraget. Bokn kommune hadde i etterkant kontakt med Helse Fonna for å få ei grunngjeving, og i denne samanhengen blei det, frå helseforetaket, gjeve uttrykk for at ambulansen skulle ha vore kalla ut og at det var ein menneskeleg feil som var årsaka til dette.

Eg trur Bokn-ambulansen er eit viktig tilbod for boknarane, og eit viktig bidrag til trafikktryggleiken i nærområdet vårt. I dei fleste situasjonar der det er aktuelt å kalla ut ambulanse, handlar det som regel alltid om minuttar og sekundar. Difor er det trygt å vite at me har høve til å få pasientane frå Bokn raskt i transport mot Haugesund.

Bokn kommune brukar til dels mykje ressursar på å halda ambulansen operativ, og difor er det avgjerande at han også blir brukt når han skal. Det er viktig for helsepersonellet å jamnleg få ulike oppdrag slik at ein kan opparbeida seg erfaring. Bokn kommune har eit svært godt samarbeid med Helse Fonna, og eg tek forklaringa deira til etterretning og ser på dette som ei enkeltståande hending.

**Skytebane**
Bokn skyttarlag har i fleire år systematisk arbeidd for å få realisert ein ny skytebane på Gunnarstad ved m.a. å setta av kommunale kulturmidler og andre inntekter. Formannskapet gjorde i møte 10.06.08 vedtak om å løyva 150.000 kr. til dette prosjektet. I tillegg har Rogaland fylkeskommune løyva 150.000 kr. til det same føremålet.

Dermed er skyttarlaget nær ein full finansiering av eit anlegg som vil bety mykje for framtidsutsiktene for dette idrettslaget. Ein slik skytebane vil også bli ei viktig brikke i å sikre breidda i eit allereie mangfaldig fritidstilbod i Bokn.

**Sommarferie**
Me er allereie godt inni den fyrste sommarmånaden og folk flest er i ferd med å kome i feriemodus. Nokre skal reise vekk, mens andre satsar på Bokn-ferie. Uansett kva planar den enkelte lesar har, håpar eg at ferien vil innehalda ein del av dei ingrediensane som er synonymt for omgrepet *ferie*, nemleg sol, restitusjon, familie, sjø, reiseradio, makrell, is og optimisme. Får me ein repetisjon av sommaren 2006, trur eg uansett dette går i boks.

Eg vil ynskja alle leserane ein sol- og innhaldsrik sommar 2008!

*Ordføraren*

# Flott nasjonaldagfeiring

Jardar Havikbotn

**Festpynta menneske og bygningar, nordavind og ettermiddagsbyger var på plass 17. mai.**

Dei fleste veit kva som ventar når dei vaknar på ein av dei mest tradisjonelle dagane i året. Men det var nok mange, særleg i byggefelta, som låg og undra seg då dei blei vekte av salutt frå Boknafjellet kl. 06.30 - og ikkje mopedar og motorsyklar utan lydpotter før den tid. Vel, det heile førte


**Medl. i Bokn musikkorps er klare til innsats.**


**Flott flaggborg.** **Foto: Hans Faye**

kanskje til færre gretne morgonfjes enn vanleg, då alle hadde fått ein god natts søvn.

**Forandring fryder?**
Saknet etter den mangeårige 17. mai-frukosten på Sjøhuset i Alvestadkroken er nok mykje større enn saknet av køyrande knallertar. Tilbodet om felles frukost forsvann då togstarten blei flytta til kyrkja, sjølv om dette også gjekk av stabelen i fjor, då konfirmantane var medarrangørar. I år hadde 9. klasse med føresette ansvaret for indretenestene på skulen, der kvar elev var sikra kr. 1.000 til Polen-turen deira seinare i år.

For oss som jobbar det meste av denne dagen er det ein fordel med seinare togstart og kortare rute, men det burde vera plass til ein sosial og identitetsskapande fellesfrukost i forkant. La oss håpa at neste års 17. mai-komité finn på noko glupt her.
Fjorårets komité var lure då dei flytta togstarten og plasserte kapproinga i andre enden av ruta. Det ramsalte arrangementet med flotte boknabåtar fortener eit stort publikum.
Hendinga kan med fordel annonserast eit kvarter til ein halvtime seinare. Toget kom ikkje til kaien i Føresvik før nærmare 12.15, og då var også konserten på Boknatun i kortaste laget.

I Musikkorpset var me rundt 40 stk. med stort og smått, og lyden blei ganske fyldig på enkelte nasjonalsongar, då alle aspirantane også var med og spelte. Stor prestasjon av 12 år gamle Konrad Nilssen som åleine på skarptromme spela samanhengande i 1 time, og som saman med Annstein Vik på stortromme sørga for at toget marsjerte i takt gjennom ruta. Spesiell takk til Øyvind Børgesen og Kristi Laupland som på kort varsel stilte opp og bidro til nødvendige forsterkningar i korpset.

**Ikkje fest om kvelden**
Eit sjakktrekk var det då årets 17. mai-komité ikkje arrangerte fest om kvelden, med m.a. det resultatet at festtalen kom ved middagstider - og gjekk ut til eit stort publikum. Stappfull sal med forventningsfulle og urolege ungar stilde krav til talaren, noko stortingsrepresentant Eirin K. Sund fiksa på ein glimrande måte. Med kraftig røst og stort tempo blei det tradisjonelle 17. mai-temaet formidla på ein frisk måte. Her fekk ingen sjans til å kjeda seg.

Ordførar Kyrre Lindanger batt stødig saman programmet i gymsalen. M.a. heldt 9. klassingane Karina Kjetland **(tv. på bildet)** og Silje Eide **(th. på bildet)** ein god appell. Barnekoret hadde også ein flott konsert på ettermiddagen. Det var etter at mange lag frå det rike organisasjonslivet i kommunen, gjennom ulike aktivitetar, hadde sørga for at folk også i år fekk feira nasjonaldagen på den gode og tradisjonelle måten.


**Foto: Reidar Alvestad**

Eg trur at mange med meg opplevde ei ny, men svært god kjensle då dei gjekk heim kl. 16.00, og ikkje trong tenka på arrangement til kvelden, men i ro og fred kunne feira resten av dagen saman med familien.

# God utvikling på Coop Marked Bokn

Reidar Alvestad

**Mange prosjekt til nå**
Det me til dagleg kallar Handelslaget, har for lengst skifta namn. Coop Marked Bokn er det rette namnet, og det har vore ei fin utvikling og oppgradering av butikken og området rundt frå det tidspunktet dei gjekk inn i Coop Haugaland.

Ei fin småbåthamn med diverse fasilitetar var ferdig i fjor sommar, og blir nytta av mange. Butikkbygget er pussa opp med malig og ny skilting utvendig, og arealet rundt er oppmerka med parkeringsplasser og lagt betre til rette.

Også innvendig er butikken oppgradert og har fått utnytta arealet på ein betre måte. Det verkar også som at vareutvalet er blitt betre, særleg innafor daglegvarer. Butikken har også dei seinare åra fått post i butikk og Norsk Tipping.






**Bildet til venstre:**
**Her var det tidlegare varemottak og lager. Nå er det flytta lengre ut i den gamle delen av bygget, og det er kome ein mindre jernvareavdeling i det tidlegare varemottaket.**

**Bildet over:**
**Frukt, grønt og pålegg/kjøt-og fiskevaredelen har etter kvart fått større areale og betre utval. Det same har frosne vareslag fått.**

**Bildet under:**
**Til venstre butikksjef Tor Harald Alvestad og leiar for kretsutvalet for Coop Marked Bokn Olav Rossebø, som sto for utdelinga av kulturprisen til nr. 3 frå venstre Daniel Dobrev frå paintballklubben, Nils Bjørn Nilsen frå speidaren og Christian Bottolf Knutsen frå idrettslaget.**



**Lojale kunder**
Administrerande direktør Tore Klovning i Coop Haugaland seier til Bygdabladet at det har vore ei fantastisk fin utvikling ved butikken i Bokn sidan fusjonen med Coop Haugaland. Dei hadde eit godt resultat i 2007, og dette held fram i det nye året. Dei har hatt ein kraftig auke i omsetninga, og ser stadig nye kunder.

Utviklinga er betre enn prisutviklinga skulle kunna tilseia. Kundene er lojale, og dei har positive og stabile tilsette ved butikken. Alt dette tar dei som ei stadfesting på at det dei har gjort med butikken har vore positivt. Difor har dei også god tru på framtida, og vil halda fram med vidareutvikling av konseptet. Nokre av dei store prosjekta som småbåthamn er alt ferdig, men dei vil stadig vidareutvikla og tilpassa salsarealet innvendig.

Elles seier Tore Klovning til Bygdabladet Coop Haugaland har 24 butikkar frå Skudenes i sør til Stord i nord, og Odda og Sauda i aust. Forventa netto omsetning dette året er på nærare 1,3 milliardar kroner.

Butikksjef Tor Harald Alvestad seier at dei alt ut på hausten står føre vidareutvikling av salsarealet innvendig i butikken i Bokn. Dette går meir på utskifting av varereolar og logistikk.

**Kulturpris**
Tidlegare i år var det eit årsmøte for avdelinga i Bokn på Arsvågen Kro og Gardsmat. Her vart det utdelt kr. 5.000,- i kulturmidlar frå Coop Bokn til lag og organisasjonar. Det er kretsutvalet for Coop Marked Bokn som årleg vil kunna dela ut denne summen.

I år var første året, og prisen var ikkje annonsert. Det vart likevel bestemt at prisen i år skulle delast mellom Bokn Paintball med kr. 1.000,-, Bokn Idrettslag med kr. 2.000,- og Speidaren i Bokn med kr. 2.000,-.

# Frå formannskapsmøtet 13.05.08

**Sak 033/08 - Helse og omsorgsplan.**

**Formannskapet sitt vedtak:**
**1**. Det blir sett ned ein arbeidsgruppe/prosjektgruppe for å utarbeida Helse- og omsorgsplan for Bokn kommune, 2009 – 2020.

Planen skal vera ferdig til behandling i kommunestyret samstundes med behandling av budsjett for 2009

**2**. Arbeidsgruppa/prosjektgruppa skal ha følgjande medlemmer:

3 medlemmer frå formannskapet – Ordførar, Johannes Nilssen og Lars S. Alvestad.
1 repr. frå fellesrådet for eldre og funksjonshemma
1 repr. frå dei tilsette (tillitsvald)
Kommunelege 1
1 - 2 faggruppe-representantar
1 - 2 repr. frå administrasjonen

Medlemmer i arbeidsgruppa/prosjektgruppa som ikkje er tilsett i kommunen, mottek møtegodtgjersle etter vanlege satsar.

**3**. Mandat:
- Utarbeida ein plan som kartlegg og beskriv hovudutfordringane
innan helse- og omsorgstenestene i Bokn kommune fram mot 2020.
- Planen skal vidare innehalde strategiar og tiltak for å møta utfordringane.
- Planen skal gje ein oversikt over dei økonomiske konsekvensane som dei valde strategiane og tiltaka inneber for kommunen.
- Planen skal ha eit særleg fokus på moglege områder for inter-kommunalt samarbeid.

**4**. Organisering:
Formannskapet fungerar som styringsgruppe, med ansvar for å godkjenna prosjektplanar og syta for dei økonomiske rammene som er naudsynte for å gjennomføra utarbeidinga av helse- og omsorgs-planen.

Arbeidsgruppa/prosjektgruppa har ansvar for at helse- og omsorgsplanen blir ferdig innfor dei tidsmessige og økonomiske rammene som blir sett.

**5**. Seksjonssjef helse og sosial fungerer som sekretær for utvalet

---

**Sak 037/08 - Adkomstveg til 2 tomter i Havnavegen – Spørsmål om vegstatus**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Tomteeigar står for utbygging og ferdigstiller veg og Bokn kommune overtar deretter vegen som offentleg veg.

---

**Sak 039/08 - Søknad om ekstra tilskudd til kyrkjeleg verksemd**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Bokn kyrkje får ei ekstra løyving på kr. 34.000,- for 2008. Beløpet vert dekka av reserverte løyvingar.

# Frå forvaltningsstyremøte 05.06.08

**Sak 021/08 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANEN OG pbl§17-2 OM OPPFØRING AV KAI PÅ DEL AV GNR. GNR.23 BNR.1**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Med hjemmel i PBL§7 dispenserer forvaltningsstyret fra kommuneplanen for oppføring av kai i LNF område med 12m lengde og 7 bredde som vist på kart datert 15.01.2008.
Det tillates ikke bygd veg til kaien og heller ikke sprengning i strandsonen bak kaien.
Kaianlegget skal godkjennes etter saksbehandlingsforskriften før arbeidene kan settes i gang.

Saken sendes fylkesmannen for eventuell klage.

---

**Sak 022/08 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANEN FOR BRUK AV OMRÅDE TIL TRIAL-KJØRING GNR. 25 BNR. 2 TORLAND**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Med hjemmel i Plan og bygningslovens §7 dispenserer forvaltningsstyret fra kommuneplanen sin arealdel for
etablering av treningsanlegg for trialkjøring på del av gnr.25 bnr.1 slik det framgår av kart datert 17.12.2007 der områdene er merket 1 og 2. Jfr begrunnelse i saksutredningen.

Foreløpig naboprotest fra eierene av gnr.25 bnr.1 tas ikke til følge.

Som grunnlag for tillatelsen skal det foreligge skriftlig avtale mellom partene.
Avtale utover 10 år utløser krav om deling etter jordloven og konsesjon etter konsesjonsloven.
Saken sendes berørte parter til høring.

---

**Sak 023/08 - SØKNAD OM BRUKSENDRING FRA FRITIDSBOLIG TIL HELÅRSBOLIG- GNR.3 BNR.48**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningsstyret dispenserer fra gjeldende reguleringsplan for bruksendring av eksisterende hytte til boligformål på
følgende vilkår:

***Bygningen skal tilfredsstille alle krav som stilles til boliger i henhold til teknisk forskrift med særlig vekt på røropplegg,isolering,trapper og vinduer samt grunnarbeider. Dokumentasjon skal legges fram av en tredje part med godkjent ansvarsrett***

***Boligen skal tilknyttes offentlig vannverk før den tas i bruk.***

***Det skal foreligge skriftlig avtale om utslippstillatelse fra bolig til felles septiktank for hyttefeltet. Bokn kommune kan fastsette annen tømmefrekvens av septiktanken enn det som normalt ville gjelde for hyttefeltet der boligen inngår.***

***Kjørbar veg fra offentlig veg skal være opparbeidet før boligen tas i bruk.***

***Saken sendes berørte parter til uttale***

---

**Sak 024/08 - GNR.21 BNR.1,GRØNNESTADVÅGEN-ULOVLIG OPPFØRT MOLO-OPPHEVELSE AV VEDTAK OM BRUDD PÅ PLAN OG BYGNINGSLOVEN**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**
Forvaltningstyret opphever sitt vedtak av 08.02.2007 og frafaller å melde tiltakshaver for brudd på Plan og bygnings-loven.

Tiltakshaver pålegges å søke om igangsettingstillatelse for molo.

---

**Sak 026/08 - MELDING OM TILTAK - OPPFØRING AV GARASJE - NABOPROTEST - TILTAKSHAVER BJØRNAR BRYNINGSLAND**

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Bjørnar Bryningsland gis tillatelse til oppsetting av
garasje plassert 1,0 meter fra nabogrense mot gnr 11 bnr 145, men at mønehøyden på garasjen senkes til 4,5 meter. Før tiltaket settes i gang skal det leveres inn nye tegninger, nytt situasjonskart som viser plassering av garasje, avstand til nabo, avstand til vei og hvor innkjørselen blir plassert.

Begrunnelse: ved å trekke mønehøyden ned 1 meter til 4,5 meter, dempes høyden på bygget, evt skyggeforhold på nabotomt reduseres og Bryningsland før en fult brukbar garasje.

Vedtaket gis oppsettende virkning.

**Hognalandsvegen 14 (Gnr 17, bnr 33)** er overdradd fra Konrad Ingleiv Hognaland til Kjell Idar Hognaland

(22.05.2008)

**Gnr 9, bnr 28** er solgt for kr 1.200.000 fra Torunn Irene Djønne til Sigbjørg Johanne Solvang og Villy Solvang

(22.05.2008)

**Gnr 4, bnr 19** er overdradd for kr 7.400 fra Trond Egil Nedrebø til Bokn kommune

(27.05.2008)

**Gnr 4, bnr 20** er overdradd for kr 100.000 fra Bokn kommune til Trond Egil Nedrebø

(27.05.2008)

**Gnr 11, bnr 87** er overdradd for kr 100.000 fra Per Alvestad til Onar Alvestad

(27.05.2008)

# Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Kjelde: Statens kartverk**

# Varafjellet

June Kro

Ved varden på Austre Bokn er det no sett opp postkasse med bok. Dermed kan ein på same måte som på Boknafjellet få skrive signaturen sin i boka som teikn på at ein har vore på toppen.

Varafjellet er eit godt turvalg for dei som vil unngå møte med hoggorm, for å møte denne på turen vil vera ein sensasjon! Tida ein brukar på å nå toppen bør heller ikkje skremme nokon, ca ½ time, litt etter kor ein startar turen frå.

**GOD TUR ønskes frå oss i "Kjekt på Bokn - ta naturen i bruk"**






**Laurdag 7. juni kom postkassen opp.**

# Mot ny skytebane

(Jardar Havikbotn)

Bokn skyttarlag fekk spelemidlar på kr. 150.000 til skytebane i Tverrdalen på Gunnarstad, og når dette blir lese har kommunestyret sannsynlegvis gitt laget kommunal støtte på den same summen. Formannskapet sa i alle fall ja på møtet 10. juni. Skyttarlaget er klare med sin del av totalsummen, også kr. 150.000 - i form av eigenkapital og dugnadsinnsats, og kan ev. starta arbeidet i år.

Etter å ha fått avslag på tippelmidlar i 2005 og 2006 på eit millionanlegg, søkte laget i år om midlar til ein mindre bane til under halve prisen. Denne gong gjekk det bra, og nå håpar leiar Edgar Våge at politikarane fylgjer dei kommunale planane.

Anlegget i Tverrdalen på Gunnarstad står nemleg i Kommuneplanen og på prioritert handlingsplan i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv. Pga. mindre bane søker skyttarlaget Bokn kommune om kr. 150.000 i staden for kr. 333.000, som var den opprinnelege summen.
Banen vil bli bli på 100 m, med elektroniske skiver og standplass. Det er laga ein avtale med grunneigar om å disponera området i minst 40 år.

Edgar Våge er svært glad for det positive vedtaket Regional- og kulturutvalget i Rogaland fylkeskommune gjorde 29. mai.
- La oss håpa det betyr starten på ei ny tid for skyttarlaget, avsluttar ein fornøgd leiar.

# En drivende svett suksess

Anette Våga

**Trimtrengende i Karmøy, Sveio, Haugesund og Bokn har tidligere måttet se langt etter Friskis&Svettis-muligheter på hjemmebane. For på Haugalandet har det så langt bare vært Tysvær som har sin egen Friskis&Svettis forening, hvor konseptet i ferd med å ta helt av.**

**Nytt fra i høst av er at foreningen også ønsker velkommen til trening i blant annet Bokn! Dette, etter en prøvetime med rundt 30 svette og fornøyde oppmøtte!**



Litt løping må til for å få opp pulsen.

Suksessfaktorene står i kø for Friskis&Svettis. Det er billig, det er lystbetont, sosialt, enkelt og lett tilgjengelig. Treningen er lagt opp slik at det kan passe for alle, både de som må trene skånsomt og de som ønsker og tåler høyere belastning.

42 steder i Norge har sin egen F&S forening, og i Tysvær kjører de trening med to intensiteter, basis og middels. På Bokn vil en i første omgang starte opp med en basistime i uka, hvor det er Anette Våga som kommer til å ha treningen fast, men med innspill ifra de andre treningslederne ca. en gang i måneden. Helt eksakt hvordan dette vil bli gjennomført, blir nærmere bestemt, etter at tidspunkter på de andre treningsstedene er blitt tildelt.

Treningen kommer til å foregå i gymsalen på skolen på **tirsdager fra 19.30 til 20.30** og inneholder oppvarming, styrke, kondisjon, smidighet og uttøyning. Eller for å si det enkelt, litt av alt du trenger. Musikk gjør det enklere, melkesyra brenner ikke fullt så intenst til «I don`t feel like dancin`» med for eksempel Scissors Sister i øret, men treningslederne er nøye på å variere musikken. Det blir ikke disco en time i strekk. Her kan du varme opp til Grieg, øke pulsen til rock, pumpe til opera og strekke ut til klassisk.

Større muskelstyrke, lavere kolesterolnivå i blodet, sterkere skjelett, større slagvolum i hjertet, slankere kropp, bedre humør……
Lista over fordeler er lang, og vi har alle hørt det før så oppfordringen er klar; fortsett med sommerens aktivitetsnivå utover høsten, eller kanskje det er på tide å komme seg ut av godstolen, for enhver kvinne og mann, enten en er 15 eller 65, sammen med Friskis&Svettis!!

For utenom gode sko, kan en komme som en er. Og det er ikke vanskelig, enklere enn aerobic. Om armer og bein er i utakt med naboens, er det helt greit. Det viktigste er at du beveger deg! De som ønsker å hoppe, de hopper, de som ikke vil lar være. Enkelt og greit!

Du kan trene så mye du vil frem til jul for 500 kroner, og selvfølgelig prøve oss gratis!!

**Det handler om å tilføre en god ting, ikke om å legge om livsstilen!!**

# Vegen vidare for barnekoret


Her har koret nettopp fått "Mnd. blom"  Foto: Elisabet Taraldlien

Her på Bokn er me kjempeglade i barnekoret vårt. Når me skal setja ein ekstra spiss på eit arrangement, har det vorte heilt naturleg å spørja om barnekoret vil komma.
Dei er alltid ei glede å oppleva, om det er på 17.mai, på ei gudsteneste eller på ein marknadsdag.

Både ungane og dei vaksne leiarane imponerer oss og me vonar at koret vil bestå i fleire år framover. For at det skal kunne skje, vil me som er med på drifta av koret gjera nokre endringar. Mellom anna vil me setja opp aldersgrensa i koret med eit og eit halvt år.

Alle barn er velkomne i koret etter jul det året dei går i første klasse. Dette vil gjelde for dei barna som byrjar på skulen i 2009. Dette gjeld ikkje dei som startar i 1.klasse i haust. Dei kan begynne i koret som før, då mange av dei allereie er medlemmer der.

Denne endringa gjer me for lettare å halde på dei eldre barna, og ha større utval av songar barna kan klare å læra. For å støtta leiararane, vil me prøva å vera fleire vaksne på samlingane.

Foreldre er velkomne til å vera med på øvingane. Dei kan bidra til å auka konsentrasjonen hos barna. Sett dykk saman med ungane og ver med og syng om du vil. Spør gjerne dei som driv koret kva dei ønskjer eller treng hjelp til.

Me må ta godt vare på desse tre tøffingane som er så flinke med ungane og som bruker så mykje av tida si på dei.

**Merete Alvestad**

# Minneord

**Elbjørg Laupland er død, nær 80 år gammal.**

Ho blei fødd på Alvestad som dotter av Gunnhild og Helge Alvestad. Elbjørg var nest yngst av ni sysken, korav åtte voks opp. Det var mor som styrte det meste i barndomsheimen hennar, då far var mykje opptatt utanfor heimen. Han var bestyrar på Handelslaget, herredsagronom og aktivt med i styre og stell i bygda.

Elbjørg jobba heime. Fyrst tok ho seg av foreldra sine og sidan stelte hun mykje for syskena.
I 1958 gifta ho seg med Hallvard Laupland, som var ein snill og god ektefelle. Dei fekk skilt frå eit stykke jord på heimgarden hennar, og her bygde dei seg hus. Hytte hadde dei på Laupland. Når dei skulle dit eller andre stader, brukte dei moped.

Elbjørg var flink til å skapa det fint og hyggeleg rundt seg. Ho var eit ordensmenneske, men likte samstundes å ommøblera og forandra på ting i heimen. Ho og Hallvard var glade i blomar, og hagen heldt dei som ein park. Ellers likte ho å arbeida med hendene, enten det var maling av gipsfigurar eller hekling og strikking av dukar.



Elbjørg var ei dame med mange meiningar og sterk vilje, men ho kunne også vera raus og gavmild.

I seinare tid var ho med i Bokn Songlag. Det treivst ho godt med og var med på mange opptredenar på bedehuset og i kyrkja.

Etter eit år i omsorgsbustad, fekk ho plass på sjukestova. Elbjørg var svært tilfreds og fornøgd med det stellet ho fekk der.

**Me lyser fred over minnet hennar!**

# Månadens blom

Hagelaget sin Mnd. blom for mai gjekk til Eivind Øvrebø **(bildet)** for aktiv gjerning i speidararbeidet i bygda, for å rydda på miljøstasjonen på Austre Bokn og for langvarig museumsarbeid.

For juni gjekk blomen til **Bokn barnekor** ( i form av badehandklede til medlemmene - **bildet øverst på sida**), for at dei alltid stiller opp og sprer glede i bygda.

Forslag til Kerstin Larsen på tlf. 90673266 eller mail ke-ande@online.no


Foto: Elisabet Taraldlien

# Kulturkalenderen

**Juni**
21. Austre Bokn Bygdalag – St.Hans feiring på Nore Vågholmen v/sjøhuset kl. 17. Felles grill. Skyss frå Torvberget fra kl. 16.45. Anledning til å legga til med eigen båt ved Nore Vågholmen.
23. Jonsokfeiring, Alvestad nærmiljøa. arr. speidarane

**Juli**
06. Gudsteneste kl. 12.00
12. Sommarmarknad Føresvik. "To med alt" spelar til utedans om kvelden
27. Gudsteneste kl. 11.00

**August**
17. Gudsteneste kl. 11.00
22. Kino i Auditoriet
24. Bokn sundagsskule 10.30
24. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
24. Møte på bedehuset – Misjonssambandet 19.30
26. Speiding for 6. - 10. kl.
26. Formannskapsmøte
28. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
31. Gudsteneste kl. 11.00

**September**
01. Bibellesing på bedehuset 19.30
02. Speiding for oppdagarar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidarar (6. - 10. kl.)
05. Kino i Auditoriet
07. Bokn sundagsskule 10.30
07. Norgescupen, trial - arr. Pluggen Motorklubb
07. Familiespeiding i Loden kl. 15.00
07. Misjonsfest NMS på bedehuset 19.00
09. Speiding for 6. - 10. kl.
13. Pluggen motorklubb til KM Lag på Riska
14. Gudsteneste kl. 15.00
15. Bibellesing på bedehuset 19.30
16. Speiding for oppdagarar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidarar (6. - 10. kl.)
16. Formannskapsmøte
19. Kino i Auditoriet
21. Bokn sundagsskule 10.30
21. ABR-senteret, møte på bedehuset 19.00
23. Speiding for 6. - 10. kl.
23. Kulturkveld – Pater Pollestad 19.00
25. Museumsstafetten 2008 kjem til Bokn
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Pluggen motorklubb til KM5 på Karmøy
28. Visitasgudsteneste i Haugesund
28. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
29. Bibellesing på bedehuset 19.30
30. Speiding for oppdagarar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidarar (6. - 10. kl.)
30. Kommunestyremøte

**Oktober**
01. Basar for Den Indre Sjømannsm. på bedehuset 19.30
03. Kino i Auditoriet
04./05. Bokn danseklubb på Kretsmesterskap og 5. runde i Vestlandsserien i Stavanger.
05. Bokn sundagsskule 10.30
